

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I VALLDAL BYGDEKVINNELAG 2023

kl. 18 torsdag 26. oktober 2023 på biblioteket. 24 møtte.

Leiar Solveig Linge Stakkestad ønskte velkomen med diktet "Søsterskap".
Vidare vart det allsong : "Samlesong" av Marta Schumann,
og orientering om julekalenderen v/Nelly Ytterli.

ÅRSMØTESAKER

Sak 1 Innkalling og sakliste - godkjende utan merknad.

Sak 2 Val av ordstyrar, skrivar, to til å skrive under protokollen.

Ordstyrar - framlegg om Bjørg Kleppe - samrøystes vald.

Skrivar - framlegg om Sunneva Linge - samrøystes vald.

To til å skrive under protokollen - framlegg om

Randi Flø og Magnhild Grønningsæter - samrøystes valde.

Sak 3 Årsmelding inkludert undergruppene ved Solveig Linge Stakkestad

Sjå årsmeldingsvedlegg.

Undergruppene vart takka for innsatsen

Årsmeldinga vart godkjend av årsmøtet med to merknader:

Undergruppe Månadens dikt i avisa. VBK deltok på opninga av Syltetorget.

Sak 4 Rekneskap 2022/2023 ved Berit Fredriksen

Kasserar Petra Jemtegård samlar kvitteringar og betalar rekningar.

Inntekt kr. 141 918,20. Utgift kr. 187 906,27. Samla sum i banken kr. 223 880,04.

Sansehagen har kr. 5 329,30 på konto.

Rekneskapen var godkjend av revisorane med to merknader:

Det mangla litt kvitteringar, bør bruke nøyaktige summar, ikkje avrunde.

Rekneskapen godkjend av årsmøtet utan merknad.

Sak 5 Halvårsplan 2023 ved Biørg Kleppe

Faste opplegg held ein fram med, ba om innspel til planen.

Endring: Medlemstreff blir på tysdagar, styremøte på torsdagar.

Endre møtenamn frå Medlemstreff til VBK-kveld? Ope for alle.

Viktig å høyre kva yngre ønskjer å vere med på, for å få yngre medlemer.

Studieforbundet-kurs - medlemer gratis, ikkjemedlemer må betale, medlemer har
førsterett dersom det blir for fullt.

Vertinnegruppe-plan bør med på halvårsplanen.

Sak 6 Innmelde saker

*** Framlegg frå VBK-styret: Kr 0 i lokallagskontigent som før.**

Samrøystes vedteke.

VBK får inntekt på åresal i staden for via lokallagskontigent.

Årskontigent er no kr 765, under 40 år halv årskontigent kr 380.

***Framlegg frå valkomiteen:**

1000 kr som no går til kafegruppeleiar bør gå til kasserar.

Samrøystes vedteke.

VBK spanderer eit måltid mat som takk for medlemsinnsats i staden for småsummar til oppmøte eller kakebakst. Dette set medlemene pris på.

VBK sponsar også medlemer på turar og diverse tilstellingar.

Sak 7	VAL	
	Framlegg frå valnemnda ved Gerd Myren Hoel	
Styre	Solveig Linge Stakkestad leiar	2023 - 2024 attval
	Biørg Sætren Kleppe	2023- 2025 attval
	Mette Natland Valdøl	2023 - 2025 attval
	Mette Marie Døving	2022 - 2024 ikkje på val
	Petra Jemtegård	2022 - 2024 ikkje på val
1. vara	Magnhild Grønningsæter	2023 - 2024 ny
2.vara	Randi Flø	2023 - 2024 ny
3.vara	Eva Bergdahl Muribø	2023 - 2024 attval
4.vara	Merete Myklebust	2023 - 2024 ny

Kafegruppe:

Ein frå styret, Aase Opskar, Liv Eldri Båtnes,
May Berli, Bodil Døving, Rigmor Vågenes 2023 - 2024 attval

Tur og aktivitetsgruppe:

Ein frå styret, Gerd Myren Hoel og
Kristi Linge Stakkestad 2023 - 2024 attval

Heimeside: Judith Krogh 2023 - 2024 attval

Sansehagen: Judith Krogh, Anne Nygård 2023- 2024 attval

"Syng med oss": Astrid Bakke Andersen 2023 - 2024 attval

Nyføddgåve: Randi Hole Heggen 2023 - 2024 attval

Revisorar: Kristin V. Hjelme og
Randi Hole Heggen 2023 - 2024 attval

Valnemnd: May Berli 2021 - 2024
Vigdis D. Mork 2022 - 2025
Sunneva Linge 2023 - 2026

Alt samrøystes vedteke

MAT OG ÅRESAL Vertinnegruppe 6 hadde kjøpt inn kaffimat og gevinstar.

GJEST Liv Borghild Hildre, leiar i distriktstyret, orienterte om diverse saker:

Kurs på tysdagar for alle - vil gjerne ha tilbakemelding om korleis det fungerer.

Neste kurs om medlemsregisteret. Det nye styret må leggjast inn.

Inspirasjonsseminar 10-12. november i Stavanger - framleis ledige plassar.

Positivt at VBK har undergrupper, at laget følgjer opp årsplanar frå NBK, at vi legg ut referat av årsmøte og styremøte. NBK fangar opp aktivitetane i laga via nettsida. Hildre ønskte lukke til vidare med det gode arbeidet VBK står for.

HEIMESIDE Nettansvarleg Judith Krogh viste nettsida vår og bilde frå aktivitetar.

BLOMAR til Liv Borghild Hildre med takk for besøket,
til Anne Nygård og Nelly Ytterli som slutta som varafolk og
til Sunneva Linge som slutta som skrivar etter 23 år i jobben.

Sunneva Linge skrivar